

SKULEFRÅVÆR

Ein rettleiar for førebygging og oppfølging

Skal evaluerast innan mai 2018



- ✓ Teori
- ✓ Førebygging
- ✓ Tiltakstrapp ved alvorleg skulefråvær
- ✓ Vedlegg

Kvam Herad

2017

Innhald

Forord.....	2
DEL 1 TEORI.....	3
Kva er skulefråvær?.....	3
Kva funksjon har fråværet?.....	4
Systemperspektiv på skulefråværet	4
Kva kan auke risikoen for høgt fråvær?	5
DEL 2 FØREBYGGING	6
Retten til eit trygt og godt miljø.....	6
Relasjon mellom lærar og elev	7
Skule – heim samarbeid.....	8
Rutinar for fråværsføring	8
Teikn på skulevegving.....	8
Risiko og vernande faktorar.....	10
Rutinar for registrering og oppfølging av fråvær	11
DEL 3 TILTAK OG RUTINAR VED BEKYMNING	12
Når eleven har alvorleg skulefråvær – kva gjer vi?.....	12
Tiltakstrapp 4 trinn: Kontakt, kartlegging, tiltak og evaluering	12
Omfattande vanskar.....	14
Eksterne samarbeidspartnarar	16
Kvam familie og læringsenter	16
Andre relevante samarbeidsinstansar	18
KJELDER.....	19
VEDLEGG.....	20
Forslag til kartleggingsamtale ved uro for fråvær.....	20
Skjema: Årsaker til fråvær.....	22
Døme på tiltak etter kartlegging.....	26
Mal på samarbeidsavtale.....	27
Døme på tilpassa timeplan.....	31
Sjekkliste for systemgjennomgang.....	32

Føreord

Kvam Herad fekk tilført LOS -midlar etter søknad til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, og har året 2016/2017 hatt eit prosjekt med fokus på arbeid både på individ- og systemplan.

LOS- prosjektet er ein del av regjeringa si satsing på å leggja til rette for at flest mogleg kan fullføra vidaregåande opplæring og vera godt rusta til arbeidslivet. Føringar frå departementet gjer at midlane må nyttast med hovudfokus på ungdom frå 14 år og eldre.

Vi har i samarbeid med representantar frå ungdomsskulane utarbeidd «Ein rettleiar for førebygging og oppfølging av skulefråvær». Det er eit mål å innføra felles retningslinjer for alle skulane i Kvam, med fokus på førebygging og tydelege rutinar for registrering.

Rettleiaren inneheld felles retningslinjer og verktøy for arbeid knytt til høgt skulefråvær.

Relasjonen mellom lærar og elev er svært verdifull i alt arbeid med born og ungdom. For mange elevar er det å bli sett, bekrefta og å meistra det grunnleggjande for ei god utvikling. Det er eit mål for Kvam Herad at rettleiaren òg skal vere gjeldande for barneskulen.

Som vedlegg i dokumentet ligg ulike idébankar og sjekklister til praktisk bruk, både på systemplan og i arbeid i enkeltsaker.

Skulefråvær må sjåast i eit heilskapleg perspektiv, der fråvær ofte kan handla om fleire faktorar. Det vert parallelt med utarbeiding av denne rettleiaren arbeid for kompetanseheving innan skulefråvær og skulevegving. Samordning av tenester og tiltak dei kommunale hjelpetenestene utfører i heradet, er sentralt i dette arbeidet.

Rettleiaren vert gjeldande ut mai 2018. Skuleåret 17/18 vil ein prøve ut rutine og evaluera kva som eventuelt bør endrast.

Me ynskjer skulane lukke til i arbeidet, og takkar for sær stor vilje til endringsarbeid til det beste for våre born og ungdommar.

Kvam Herad, oktober 2017

Arbeidsgruppa i Losprosjektet

v/ Tone Flotve

Solveig Lundblad- Sandbakk

Mette Lieungh

Torunn Norheim Åsebø

Janne Efteland Eik

Brit Voster

DEL 1 TEORI

Det har dei siste åra vore eit større fokus på elevfråfall i den vidaregåande skulen. 1/3 av elevane som byrjar på vidaregåande skule fullfører ikkje utdanninga dei byrjar på. Utfordringane har ofte starta før vidaregåande, på ungdomsskulen eller tidlegare. Å fullføra ei utdanning kan vera avgjerande for framtida, både i høve økonomiske og sosiale livsvilkår.

Det er ofte vanskeleg for elevar som har hatt eit stort fråvær over tid å venda tilbake til skulen. Det er difor viktig å ta tak i fråværsproblematikken på eit tidleg tidspunkt. For å kunna setja inn rett tiltak er det viktig å finne ut kva som er årsaka til fråværet.

Effektiv og god handtering av skulefråvær krev felles forståing. Gode rutinar for fråværsregistrering i skulen er svært viktig for å fanga opp potensielt alvorleg fråvær og førebyggje vidare utvikling. Vidare vil det vera viktig at skulen har felles rutinar for korleis ein går fram ved handtering av fråværet. Desse er nedfelte i denne rettleiaren.

Kva er skulefråvær?

Skulefråvær er eit overordna omgrep som femner om alle elevar som av ein eller annan grunn er borte frå skulen. Ein vel ofte å skilje mellom gyldig og ugyldig fråvær.

Ugyldig fråvær: Ikkje dokumentert fråvær eller skulk (heile dagar eller enkelttimar).

Gyldig fråvær: Dokumentert fråvær som ved sjukdom, gyldig permisjon, helseoppfølging (lege, tannlege m.m.).

Alvorleg fråvær: Fråvær frå undervisinga og det sosiale fellesskapet på skulen (gyldig eller ugyldig) av eit omfang som fører med seg uro knytt til eleven si faglege og sosiale utvikling.

Både gyldig og ugyldig fråvær kan altså vera problematisk.

Skulevegring kan ein definera som «vanskar med å møte på skulen som fylgje av emosjonelt ubehag» (King og Bernstein 2001:197). Denne definisjonen seier noko om kva som er hovudproblemet og truleg årsak til fråværet, nemleg emosjonelle problem i form av angst eller depresjon. Dette gjeld ikkje born og unge som til dømes har fråvær på grunn av åtferdsproblem eller antisosial åtferd. Kearney og Silverman (1996:345) definerer skulevegringsåtferd som «elevmotivert fråvær mot å gå på skulen eller vanskar med å bli på skulen ein heil dag». Denne definisjonen tek opp den store variasjonen i fråvær ein kan oppleva når ein jobbar med skulevegring. Den inkluderer alle born og unge som har problem med oppmøte, uavhengig kva årsak som ligg bak. Dette gjeld frå dei som ikkje går på skulen i det heile, dei som går somme dagar, dei som møter men forlèt skulen i løpet av dagen, og til dei som kjem på skulen etter å ha hatt ein lang kamp med foreldre om morgonen.

Kva funksjon har fråværet?

Det kan vera nyttig å sjå på kva funksjon fråværet har. Åtferda til barnet er særleg viktig i vurderinga av kva tiltak som bør setjast i verk. Ein plar skilje mellom fire årsaksgrupper som skildrar fråværet til barnet (Kearney, 1996, 2001, 2008): Kearney og Silverman 1990

Unngå negative opplevingar

1. Skulefråvær for å unngå stimuli som vekker generell negativ affekt eller emosjonelt ubehag (på skulevegen, friminutt, mobbing, unngå ein bestemt lærar og liknande).
2. Skulefråvær for å unngå ubehagelege sosiale situasjonar eller evalueringssituasjonar (framføring, gruppearbeid, gym og liknande).

Oppnå positive opplevingar

3. Skulefråvær for å oppnå merksemd frå føresette eller viktige andre (t.d. livskrise, flytting, separasjonsangst og liknande).
4. Skulefråvær for å oppnå gode utanfor skulen (spela data, sjå tv, sova, vera med vener og liknande).

I tillegg er det ei gruppe der det er utfordringar i familien/heimen som medfører skulefråvær:


5. Skulefråvær som eit resultat av foreldremotivert fråvær.

Foreldre som oppmuntrar borna sine til å vera heime frå skulen, blant anna på grunn av eigne behov. Eleven blir her ein symptombarar på grunn av foreldra sine utfordringar. Dette kan vera økonomiske årsaker, foreldre vil skjule omsorgssvikt, foreldra er psykisk sjuke eller har behov for praktisk hjelp i heimen som til dømes barnepass (Kearney, 2008b).

Denne siste gruppa har det vore mindre fokus på, men seinare forskning viser at det her kan vera ei underrapportering (Trude Havik, UIS, doktorgrad 2015).

Systemperspektiv på skulefråværet

I nokre tilfelle kan skulefråværet ha ein kombinasjon av fleire av dei nemnte gruppene over, spesielt der skulefråværet har føregått over lang tid. **Det er viktig å finna ut av kva som er årsak til fråværet før ein set i gang med tiltak** (Havik 2015). Sidan risikofaktorane for fråvær ofte er samansette, er det viktig å sjå fråværet i ein større samanheng. Individuelle faktorar, familiefaktorar og skulefaktorar spelar inn. Det er difor viktig å tenkja at vanskane ikkje berre ligg hos eleven sjølv, men at faktorar i heim og skule også kan vera med å framkalla ein fråværssituasjon. Ein ser altså på fråværet som eit uttrykk for at eleven vert utfordra ut over evnene sine på ein eller fleire arenaer.



Figur: Eit heilskapleg perspektiv på langvarig alvorleg skulefråværsproblematikk. Kjernen i problemet, alvorleg skulefråvær, er plassert i midten av blomen. I kronblada rundt kjernen ligg løysinga, nemleg eit samarbeid mellom eleven, foreldra og skule - med støtte frå hjelpeapparatet rundt (Modell basert på: Marit Tørstad, 2016).

Kva kan auka risikoen for høgt fråvær?

Skulevegring kan oppstå i løpet av heile grunnskulen, men ein ser auka risiko i høve skulestart og overgangar mellom til dømes barneskule og ungdomskule. Skulevegringa kan også kome etter byte av skule, oppstart etter feriar og etter periodar med sjukdom. Gode rutinar for kommunen knytt til overgangar heilt frå barnehagen, må kontinuerleg vurderast og evaluerast.

Vanskane byrjar ofte i det små med fråvær enkeltimar, delar av dagen eller enkelte dagar. Skulevegringa kan bli meir tydeleg på ungdomskulen når forventningane til dei unge aukar.

Mangelfulle rutinar for registrering og handtering av fråvær og ulik haldning til fråvær internt i kollegiet gjev auka risiko for fråvær. Andre risikofaktorar vi kjenner, er dårleg læringsmiljø, mobbing, mangel på vener, dårleg forhold til lærarane, mangelfulle rutinar for skule-heim-samarbeid, stort lærarfråvær eller lærarbyte. I tillegg kjem mangelfull kompetanse hos personalet om psykisk helse.

DEL 2 FØREBYGGING

Førebyggjande arbeid i skulen handlar mykje om å leggja til rette for auka trivsel hos elevane. Noko av det viktigaste arbeidet skulen kan gjere i høve fråværsproblematikk, er å ha fokus på førebygging ved å sikre gode system. Eit godt system for handtering av fråvær og tidleg intervensjon vil kunna førebygga utvikling av tunge skulevegringsaker. I teori om skulevegring vert det lagt stor vekt på at dess tidlegare ein kjem inn, dess større sjanse har ein for å førebygga aukande fråvær. Dette gjeld særleg med tanke på utvikling av tilleggsvanskar.

Mange av desse borna viser teikn til bekymring allereie i barnehagealder. I arbeid med alle barn, vert det viktig å handla på tidlege teikn. Den ekstra samtalen, kontakt med føresette, drøfting med ein kollega/leiar/helsesystem er naudsynt nokre gonger for å handla på det ein ser.

Ein føresetnad for å førebygga fråvær er at skulen har ei klar forventing om at elevane er til stades på skulen. Denne haldninga må formidlast frå fyrste dag.

Retten til eit trygt og godt miljø

Opplæringslova kap. 9 a, viser til at alle elevar i grunnskule og vidaregåande skule har rett til eit trygt og godt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. *Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeida kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og sikkerheita til elevane. Rektor har ansvar for at dette blir gjort (§ 9 A-3).*

Nytt i år er at skulen har ei aktivitetsplikt, som inneber at dei innan ei veke frå krenking vert meldt, skal ha klar plan for tiltak.

Viktige faktorar som venskap, å høyra til, meistring, kompetanse og god sjølvkjensle bør vera inkludert i skulekvardagen.

Mange elevar med vegringsåtferd uttrykkjer ei oppleving av at dei ikkje meistrar. Det er viktig at ein tidleg møter barna og tek dei på alvor der dei uttrykker at dei ikkje meistrar, eller ikkje har det bra. Opplevinga av å verta likt og sett er særst viktig for å leggja grunnlag for eit positivt tilhøyre på skulen.

Det er viktig at skulen har eit godt systematisk arbeid med temaet mobbing og det psykososiale miljøet. Tett samarbeid med skulehelsetenesta er sentralt i både skulen sitt førebyggjande arbeid og ved oppfølging av enkeltelevar.

Sjølv om det føreligg ein rutine knytt til fråvær, må plikta til å vurdere behovet for å kople inn andre tenester alltid vera til stades. Den individuelle plikta til å melda bekymring til barneverntenesta må særleg framhevast.

Relasjon mellom lærar og elev

Forsking viser at ein god relasjon mellom lærar og elev er ein svært viktig faktor for å førebygga fråvær. Trude Havik (2015) har i sitt doktorgradsarbeid mellom anna sett på korleis forhold ved skulen påverkar skulevegring. Ho fann til dømes at forhold til medelevar er avgjerande for utvikling av skulevegring. Mobbing er ein svært stor risikofaktor for fråvær relatert til skulevegring. Læraren si klasseleiing, i form av kontroll og relasjon til den enkelte elev, verkar å ha direkte innverknad på både vegringsrelatert og skulkrelatert fråvær.

Vidare viser funna til Havik at læraren kan førebygga skulevegring gjennom å arbeida med klassemiljøet, regulera relasjonane mellom elevane og førebygga mobbing (Havik 2015). Funna indikerer at skulesituasjonen kan utgjera vesentlege risikofaktorar for fråvær, uavhengig av om eleven er emosjonelt sensitiv og uavhengig av kvaliteten på oppfylginga frå heimen. Havik er tydeleg på at det er svært viktig å ta tak med ein gong ein elev viser teikn til skulevegring. Studiet viser at det er viktig å raskt kartlegga moglege årsaker i skulen, når eit barn viser teikn til skulevegring (Havik 2015).

Kunnskap om kva eleven eventuelt gruar seg til, som framføring og prøvar, vil kunna gje skulen høve til å ta tidlege grep. Det er viktig at skulen har direkte kontakt med eleven, for å visa at han er sakna ved langvarig/bekymringsfullt fråvær. Dette kan førebygga utvikling av alvorleg fråvær.

Læringsmiljø og fagleg meistring

Forsking viser at trivsel og oppleving av å høyra til på skulen er vernande faktorar for barns utvikling. Gode relasjonar og å oppleva fagleg meistring, gjev barn og ungdom eit betre utgangspunkt for positiv utvikling. Relasjon og fagleg meistring er av stor verdi. Forsking viser at skular med gode systemiske retningslinjer for eit godt læringsmiljø og psykososial trivnad, har lågare førekomst av åtferdsvanskar og skulevegringssaker.

I arbeid med førebygging og fokus på born og ungdom sin trivsel og gode læringsmiljø på skulen, er det avgjerande at skulen nyttar eigne system i tillegg til å ha gode rutinar for rettleiing og kollegialt læringsfellesskap.

Læringsmiljø og pedagogisk analyse (LP) er ein strategi for systematisk, handlingsorientert og varig forbetningsarbeid i skulen. Denne satsinga i Kvam Herad inneber blant anna ein analysemodell – eit verktøy for skulen, som set søkjelyset på oppretthaldande faktorar og kva som kan gjerast i miljøet rundt eleven. LP som verktøy set fokus på læringsmiljøet, og må framhevast som ein sentral analysemodell i kartlegging av årsak til fråvær og andre vanskar.

Skule-heim samarbeid

Godt skule - heim samarbeid er eit nøkkelord i det førebyggjande arbeidet. Tydelege og gode samarbeidsrutinar og klare kommunikasjonslinjer mellom foreldre og skule er med å fremma dialog og heilskapleg innsats knytt til barna.

Foreldre er sentrale samarbeidspartar for skulen. For eksempel erfarer mange at der ein bekymrar seg både fagleg og sosialt for elevar, kan foreldre i nokre tilfelle vera «oversetjarar» inn til den unge. Det betyr at føresette kan førebu og snakka om det som skjer på skulen på ein annan måte. Lærar og foreldre vil òg kunna utveksla informasjon som er viktig for å møte og forstå barnet på ein god måte, enten fagleg, sosialt eller psykisk.

Tydeleggjing av kommunikasjonslinjer vil senke terskelen for å ta kontakt både for lærar og foreldre. Kommunikasjonsform og hyppigheit bør verte tilpassa ved behov. I nokre saker bør ein etter vurdering ha tettare samarbeid, for å kunne leggje til rette tidleg. Dette kan førebyggje aukande fråvær, men og avdekkje om gyldig fråvær kan ha vegringsrelatert innhald.

Rutinar for fråværsføring

Gode system for å registrera og fylgja opp fråvær er avgjerande for å oppdaga mogeleg skulevegring tidleg. Dette er og ein føresetnad for å intervenera raskt ved mistanke om utvikling av skulevegring. Skuleleiinga må prioritera å ha fokus på fråvær og kommunisera dette tydeleg til personalet og til føresette. Det viser seg at mange elevar som utviklar skulevegring ofte har hatt mykje sporadisk fråvær over tid (Ingul 2005). Av den grunn er det viktig å vera merksam på fråvær i form av enkelttimar og dagar.

Skulane i Kvam skal ha dei same rutinane for føring av fråvær. Rutinane for føring og oppfylgjing skal gjerast kjent og tilgjengeleg på skulen sine nettsider og på læringsplattformen *It's learning*.

Rutinane må informerast om på foreldremøter og FAU- møte.

Teikn på skulevegring

For å kunne vera merksam på elevar som er i risikosona for å utvikla skulefråvær er det viktig å ha kjennskap til kva som kan vera tidlege teikn.

Nokre faktorar som ein skal vera obs på:

Tidlege teikn på skulevegring kan vera:

- ✓ At eleven kjem for seint på skulen.
- ✓ At eleven har sporadisk fråvær i enkelttimar eller dagar.

Teikn på misstrivsel:

- ✓ Eleven er svært stille eller sjenert.
- ✓ Eleven er svært utrygg ved skulestart eller etter skifte av skule og ordinære tiltak for at han skal bli trygg er ikkje til hjelp.
- ✓ Eleven snakkar sjeldan eller aldri høgt i klassen.
- ✓ Eleven snakkar ikkje med vaksne/medelevar, eller snakkar berre med utvalde vaksne/medelevar.
- ✓ Eleven syner motstand mot å vera ute i friminutt, eller er avhengig av at bestemte vaksne eller medelevar er til stade.
- ✓ Eleven har ofte fysiske plager, til dømes vondt i hovudet eller magen.
- ✓ Eleven gjev verbalt eller non-verbalt uttrykk for at han er nedtrykt eller redd.
- ✓ Eleven trekkjer seg tilbake frå sosial samhandling og/eller skulerelaterte aktivitetar.
- ✓ Eleven syner utagerande åtferd som til dømes sinne i situasjonar der han vert utsett for krav i skulekvardagen.
- ✓ Eleven syner motstand mot å delta eller gjer forsøk på å unngå enkelte fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen.
- ✓ Eleven ringjer ofte heim i skuletida eller ynskjer å gå heim i løpet av dagen.

Bekymring frå foreldre/føresette:

- ✓ Foreldre kontaktar skulen fordi barnet gjev uttrykk for at det ikkje vil på skulen.
- ✓ Foreldre blir verande lenge i leveringssituasjonen eller må fylgja barnet inn i klasserommet, eller må vera der utanom vanlege rutinar.
- ✓ Foreldre må ringja barnet fleire gonger i skuletida for å sjekke at barnet har det bra.
- ✓ Foreldre har låg terskel for å la barnet vera heime.

Risiko og vernande faktorar

Faktorar som gjeld både elev og omgjevnadar kan bidra til å forsterka eller verna mot utvikling av *skulevegning*. For å forstå skulevegning kan ein sjå på risiko og vernande faktorar hos eleven sjølv, i skulen og i heimen.

Tabell frå Tysvær kommune (*Stort skolefråvær-en veileder for forebygging og oppfølging, 2015*)

Elev		
Risikofaktorar		Vernande faktorar
Eleven har psykiske og emosjonelle vanskar		Eleven har eit positivt sjølvbilete
Eleven er svært innovervendt, har prestasjonsangst og behov for mykje støtte og tryggleik		Eleven har gode sosiale relasjonar på skulen – minst ein ven
Eleven har lærevanskar og/eller utviklingsmessige vanskar		Skulefagleg meistring
Uro for ting utanom skulen		
Sjukdom eller diffuse plager		

Familie		
Risikofaktorar		Vernande faktorar
Psykiske vanskar eller lidningar hjå foreldre/føresette		God psykisk helse hjå foreldre/føresette
Vanskar med samspelet i familien, vanskar med grensesetjing		Tydeleg grensesetjing, godt samarbeid i familien og godt samarbeid mellom heim og skule.
Store endringar i familiesituasjon, t.d. sjukdom, dødsfall, skilsmisse, arbeidsløyse, flytting		Støtte i sosialt nettverk
Foreldre/føresette har negative røynsler knytt til skulen		

Skule		
Risikofaktorar		Vernande faktorar
Manglande rutinar for registrering og handtering av fråvær		Gode rutinar for å fylgja opp fråvær
Dårleg klasse- og læringsmiljø		God klasseleiing, velfungerande tilpassa opplæring
Mobbing		Trygge og gode relasjonar mellom lærar og elev
Lite kontinuitet i opplæringa, mykje lærarfråvær - skifte		God informasjonsflyt ved overgangar, t.d. mellom trinn, lærarskifte og feriar
Manglande kompetanse om psykiske vanskar hos barn		Gode rutinar og handlingsplanar for intervensjon ved høgt fråvær
Manglande dialog mellom skule og heim		God dialog og samarbeid med heim
		Gode interne støttesystem på skulen, klar ansvarsfordeling mellom kontaktlærar, faglærar og leiing
		Etablerte samarbeidsrutinar med eksterne instansar



Kvam herad

RUTINAR FOR REGISTRERING OG OPPFYLGING AV ELEVFRÅVÆR I GRUNNSKULEN I KVAM HERAD.

1. Informasjon og ansvar for frávær rutinar

- a. Skulen følger Kvam Herad sin Rettleiar for førebygging og oppfylgning av skulefrávær.
- b. Skulen skal gje føresette informasjon om dette arbeidet og kva reglar/rutinar som gjeld ved frávær. Foreldremøte og skriv heim vil vera viktige tiltak for å få informasjonen ut til føresette.
- c. Alle lærarar er ansvarlege for å føra frávær frå sine timar og rapportere til kontaktlærar.
- d. Kontaktlærar har oversikta, undersøker fráværet hos elevane og har oppfylgingsansvaret. Kontaktlærar loggfører oppfølging knytt til sine elever. Fráværet bør oppdaterast kvar dag.

2. Kontakt mellom skulen og heimen ved frávær

- a. Ved frávær melder føresette frå til skulen innan eller så snart som mogleg fráværsdagen.
- b. Kontaktlærar avtalar korleis dette skal gjerast med si foreldregruppe.
- c. Dersom føresette ikkje tek kontakt med skulen første fráværtdag, skal kontaktlærar så raskt som mogleg same dag kontakta heimen for å avklara kva fráværet kjem av.
- d. Dersom kontaktlærar er fráverande, må skulen ha avklart kven som overtar kontaktlæraransvaret.
- e. Når kontaktlærar vert klar over frávær utan melding/ugyldig grunnlag, skal leiing informerast.
- f. All kontakt med foreldra når det gjeld bekymring for alvorleg frávær skal loggførast.

3. Drøfting av frávær på skulen.

- a. Kontaktlærar har oversikt over fráværet i sin klasse og rapporterer til leiinga ved bekymring.
- b. Frávær/psykososial trivnad hos elevane skal vera faste tema på interne møter 2 gonger i månaden.
- c. Kontaktlærar saman med leiing har ansvar for at elevar ein er bekymra for, får tidleg hjelp. Kontaktlærar drøftar alltid bekymring med avdelingsleiing, helsesøster eller andre aktuelle personar på skulen. Sjå Kapittel om Førebygging – tidlege teikn, risikofaktorar.
- d. Rektor/leiing går gjennom fráværstøringa og skulen sitt samla elevfrávær på systemplan ein gong pr. semester. Forslag: innan haust, jul, påskeferie. Her går ein og gjennom *Sjekkliste for systemgjennomgang* (sjå vedlegg).
- e. Lærarar kan drøfte saker anonymt eller etter samtykke frå føresette i skulen sitt støtteteam/tverrfagleg team. Frávær/psykososial trivnad er fast tema her.

4. Bekymring knytt til alvorleg frávær.

Sjå Del 3: Tiltak/rutinar ved bekymring.

DEL 3 TILTAK/RUTINAR VED BEKYMRING


NÅR ELEVEN HAR ALVORLEG SKULEFRÅVÆR – KVA GJER VI?

Eit av dei viktigaste tiltaka for å hindre alvorleg skulefråvær er gode rutinar for førebygging, registrering av fråvær og god kunnskap om eleven. Observante lærarar med god dialog med heimen, vil ha eit godt utgangspunkt for å setja i gang tiltak tidleg.

Der eleven likevel utviklar alvorleg fråvær, vil det vera viktig at skulen fylgjer kommunen sine retningslinjer for å snu den negative retninga. Retningslinjene for oppfølging av alvorleg skulefråvær er illustrert nedanfor i ein trappetrinnsmodell. Ein føresetnad for å kunne fylgje opp alvorleg skulefråvær er at kontaktlærar til ei kvar tid har ei oppdatert oversikt over eleven sitt fråvær. Trappetrinnsmodellen viser korleis kontaktlærar skal gå fram når ein elev har alvorleg fråvær, som vil seie:

- ✓ Ugyldig fråvær: 1 enkelttime eller meir
- ✓ Høgt gyldig fråvær: 10 dagar på 15 veker
- ✓ 3 gongar for seint på 1 månad
- ✓ Møter på skulen, men forlèt den igjen

Modellen er henta frå Nittedal Kommune sin rettleiar for førebygging og oppfølging av alvorleg skulefråvær(2014)



Kontaktlærar skal **kontakta** føresette og elev, og undersøka årsaka til fråværet når ein elev har alvorleg skulefråvær. Dersom fråværet er bekymringsfullt, det vil seie at fråværet til dømes er ugyldig eller gyldig men høgt skal kontaktlærar **kartlegga** fråværet gjennom ein kartleggingsamtale. Basert på kartlegginga skal **tiltak** setjast i verk og skildrast i ein samarbeidsavtale. Etter tre veker skal tiltak **evaluerast** og vidare tilvising vurderast.

På siste side i dokumentet er trappa i heilside som kan skrivast ut og hengast opp som ei påminning.

Trappetrinn 1: Kontakt føresette

Kontaktlærer tek kontakt med føresette på telefon ved alvorleg skulefråvær (sjå blå boks) jf. *rutinar for registrering av fråvær*. Hensikta med å ta kontakt med føresette er å informere om fråværet og å undersøkje om det er konkrete årsaker til at eleven er/har vore borte frå skulen. Skulen skal i den fyrste kontakten tilby føresette eit møte dersom det er føremålstenleg. Dersom kontaktlærer og/eller føresette vurderer fråværet som bekymringsfullt går ein vidare til trinn to i trappa. I mange saker er det naturleg at ein avklarar fråværet i denne fyrste kontakten med føresette og at saka sluttar her.

Det er viktig å gje støtte til foreldre/føresette som opplever at barnet deira ikkje vil gå på skulen. Å anerkjenne utfordringa dei står i, er oppbyggande for samarbeidet.

På dette tidpunktet kan ein vurderer om ein ønskjer å invitere med seg andre i møtet. Dette kan vera leiing, helsesøster eller andre. Dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Ein gjer merksam på at det i nokre tilfelle vil vera naudsynt med dialog med heimen, der fråværet er gyldig. Dette kan vera elevar der lærar har tankar om at fråværet kan ha andre årsaker som til dømes psykiske vanskar, mobbing, skulevegring o.l.

Trappetrinn 2: Kartlegging

Kartlegging og tiltak ved skulefråvær vil ofte overlappa kvarandre. For eksempel kan ein elevsamtale og samtale med føresette vera ledd i ei kartlegging, og samtidig vera viktige tiltak i seg sjølv fordi dei bidreg til å byggja relasjonar og skapa alliansar for vidare samarbeid. Dersom kartlegginga tek for lang tid, bør ein setja i gang tiltak parallelt. Kartlegging kan vera samtale med elev og/eller foreldre. Det vert vist til vedlegg for ulike verktyø ein kan bruka ved kartleggingssamtalar. Gjennom dette arbeidet vil ein få ein peikepinn på kva funksjon fråværet kan ha for eleven (sjå side 4).

Skulefråvær kan som nemnt ha fleire årsaker og kan vera oppretthalde av ulike faktorar. I arbeidet må ein difor ha eit vidt perspektiv. Å kartlegga kva funksjon skulefråværet har for den enkelte elev, korleis det påverkar familien og systemet rundt eleven (kontaktlærer, klasse, skulen generelt) er sentralt for å få tak i problemet.

Behov for ekstern støtte i saka:

Det er viktig å vera merksam på at eleven kan ha andre fysiske og psykiske helseplager i tillegg til skulefråvær. Bruk leiinga, interne møtefora og skulen sine støttepersonar for å drøfte saka. Helsesøster er fast på alle skular i Kvam. Helsesøster kan involverast i direkte arbeid med eleven, og eventuelt vera med skulen på samtale med føresette.

PPT vil som ein del av tidleg innsats kunna retteleia saker anonymt. Kontaktperson frå PPT ved dei ulike skulane skal ved desse sakene, på relativ kort varsel, stilla som rettleiar for å finna gode tiltak som legg til rette for eleven. Dette gjeld sjølv om eleven ikkje er tilvist. PPT vil etter samtykke også kunna delta på møte med elev/føresette dersom dette er det beste for saka.

Dersom ulike tenester allereie er involvert i ei sak bør desse involverast. Det kan vera aktuelt med støtte til meir omfattande kartlegging, eventuelt tilvising til spesialisthelsetenesta ved behov.

Ein tilrår skulen generelt å be heimen om samtykke for tverrfagleg drøfting, for å gjera samarbeidsprosessen så open og tydeleg som mogeleg.

Trappetrinn 3: Tiltak

Basert på kartlegginga kan ein setja i verk tiltak. Her skal ein laga ein samarbeidsavtale saman med elev og føresette på bakgrunn av kva ein har kome fram til gjennom kartlegginga.

Den avgjerande faktoren for at tiltak skal lukkast, er samarbeid med dei involverte. Ein samarbeidsavtale som tydeleggjer kven som skal gjera kva og til kva tid blir dermed viktig. Avtalen bør innehalda kva avtalar som gjeld, og kor lenge, samt dato for neste evalueringmøte. Samarbeidsavtalen skal sikra at kvar enkelt gjer sitt. Sjå vedlegg for døme på samarbeidsavtale.

Det er fagleg semje om at i dei fleste tilfella er tidleg intervensjon avgjerande for prognosen. Tiltak ved alvorleg skulefråvær krev mykje skreddarsaum. Tiltak som i ein periode inneber senka krav, der ein gradvis trappar opp, kan vera naudsynt. Eleven skal hjelpast til å vera på skulen i størst mogeleg grad.

Viktige haldepunkt er å senka eleven sitt stressnivå. Det vert viktig å tryggja og leggja vekt på ein god relasjon til eleven. Stor grad av forutsigbarheit og tydelege avtalar er også viktig. Eit konkret og praktisk verktøy for elev og lærar er timeplanen. Visualiser gjerne avtalar ein gjer med eleven direkte inn i ein ny timeplan eller ein tiltaksplan/aktivitetsplan (§9a). Lærar har god informasjon om kva som skjer på skulen, og er derfor særskild viktig for eleven i denne fasen for å førebygga større fråvær.

Sjå vedlegg for tiltaksbank og døme på ein tilrettelagt timeplan.

Trappetrinn 4: Evaluering/oppfølging

Skulen må evaluera samarbeidsavtalen og tiltak som er sett i gang etter tre veker. (Sjå døme på *evaluering av samarbeidsavtale* i vedlegg). Ut frå evalueringa skal skulen i samarbeid med føresette vurderer om det er behov for hjelp frå andre instansar. Dersom tiltaka ikkje har ført til dei endringane som blei sett som mål i samarbeidsavtalen, skal det tilvisast til PPT med samtykke frå føresette. Det er viktig at eleven ikkje vert utsett for gjentakande tiltak som ikkje fungerer.

Det bør samtidig vurderast om det skal søkjast hjelp hos andre, som BUP, familiesenter eller barneverntenesta. Sjå punkt om *Behov for ekstern støtte* under trappetrinn 2.

Omfattande vanskar:

I nokre saker vert fråværet omfattande, og eleven vil trass i tiltak og samarbeid oppleva vanskar med å møta på skulen. Her vert tydelege avtalar og jamlege møter særskild viktig. Forsking viser at det er avgjerande at ein i desse sakene arbeider med tiltak samtidig på fleire plan. I nokre saker er det særskild nyttig og føreseieleg om skulen kan henta eller reisa

heim til eleven med mål om relasjonsbygging og trygging. Målet er då gradvis å føra eleven tilbake til skulen. Små realistiske steg om gongen vert avgjerande. Skulen bør ha dagleg kontakt med eleven på sms, e-post eller telefon. Vis at eleven er sakna og tenkt på!

Heimeundervisning vert ikkje anbefalt som tiltak i skulevegringssaker, men må vurderast av PPT dersom fråværet vert for langvarig. I nokre saker vil heimeundervisning vera naudsynt som tiltak for fagleg trygging og kontakt, med mål om tilbakeføring til skulen. Ulike tiltak må vurderast i kvart tilfelle, som for eksempel trinnvis tilnærming til skulen, mellombelse undervisningsarenaer og andre tiltak. Eit tverrfagleg team bør opprettast rundt eleven, der tydeleg ansvarsfordeling og felles innsats vert sentralt.

Skuleåret 2017/18:

Etter søknad til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, vert Los-prosjektet i Kvam Herad vidareført til skuleåret 2017/18.

I praksis vil dette seia at **Solveig Lundblad-Sandbakk** vil arbeida i 40% stilling dette skuleåret. Målet er å støtta ungdomskulane i arbeidet med å implementere Rettleiaren for førebygging og oppfølging av skulefråvær og innføring av nye rutinar for registrering av fråvær. Rettleiaren vart utarbeidd i los-prosjektet skuleåret 2017.

Losen vil ha fast tilhøyre på **Kvam Ungdomsskule**. Individretta arbeid vert konsentrert om denne skulen. Arbeidstid på Kvam Ungdomsskule: måndagar kl.10.00 - 15.00 og tysdagar kl.8.30 - 15.00

Kontaktinformasjon:

Solveig Lundblad-Sandbakk

Los for ungdom

Telefon: 977 28 718

Epost:sollun@kvam.kommune.no

www.kvam.kommune.no



EKSTERNE SAMARBEIDSPARTNARAR



Tilsette i KFL kan nyttast som ressurs i arbeidet som er skildra i denne rettleiaren. For å lukkast i dette arbeidet er det særst viktig at alle gjer seg kjent med rettleiaren. Det er eit mål at flest mogleg deler kompetanse knytt til forståing av skulevegning.

PPT: Pedagogisk-psykologisk teneste (Opplæringslova)

PPT er ei lovpålagt teneste, som rådgjevande og sakkunnig instans for kommunen ved spørsmål som omhandlar barn, ungdom og vaksne som ikkje gjer seg nytte av ordinær opplæring.

PP-tenesta skal utarbeida sakkunnige vurderingar ved spørsmål om rett til spesialundervisning, og gje råd om innhaldet og omfanget av spesialundervisninga.

PPT jobbar på systemnivå for å hjelpa skulen med å leggja til rette undervisninga for alle elevar gjennom rettleiing og rådgjeving og delta i systemarbeid for å styrkja den ordinære opplæringa.

I tillegg til føresette, kan både helsestasjon, barnehage og skule tilvisa PPT. Barn og unge kan og be om samtale.

I saker der det er bekymring for fråvær bør PPT vera ein sentral samarbeidspart og vurderer tilvising.

PPT deltek i KFL sitt ungdomsteam.

PPT kan:

- ✓ Ha samtaler med barn og foreldre.
- ✓ Gje råd til foreldra om korleis arbeida for å få barnet tilbake til skulen, og råd om korleis dei som foreldre best kan samarbeida med skulen og eventuelt andre hjelpeinstansar.
- ✓ Delta i ansvarsgrupper.
- ✓ Kartleggja barnet for å finna ut om det har lærevanskar.
- ✓ Stille på kort varsel i saker som handlar om fråvær etter vurdering utan tilvising.

Skulehelsetenesta: (Helse og omsorgslova)

Skulehelsetenesta er ei lovpålagt teneste som vert styrt av nasjonale faglege retningslinjer for det helsefremmande og førebyggjande arbeidet. Målet med skulehelsetenesta er å fremja psykisk og fysisk helse, fremja gode sosiale og miljømessige tilhøve og førebygga sjukdom og skader. Tenesta skal så tidleg som mogeleg fanga opp barn og unge, gje dei eit tilbod og tilvise vidare ved behov. Tenesta er tverrfagleg og består av helsesøster, lege og fysioterapeut ved behov.

Helsesøster har fast trefftid på skulane.

Helsesøster har faste rutinekontrollar i høve alderstrinn. Foreldre, barn og ungdom kan sjølve ta kontakt ved behov.

Skulehelsetenesta er eit tilbod til alle skulelevar i kommunen, tilvising er ikkje naudsynt. Tenesta er elevane si **bedriftshelseteneste**. Det er viktig at elevane kan kome utan timeavtale.

Opplysningar om kropp /helse, kosthald/livsstil, rus/røyk, sex og samliv/prevensjon og andre emne vert teke opp med elevar, enkeltvis eller i grupper.

Helsesøster deltek i KFL sitt ungdomsteam

Helsesøster kan:

- ✓ Samtala med foreldre/føresette, også saman med barnet.
- ✓ Samtala med barnet/ ungdomen utan foreldre.
- ✓ Delta på foreldremøter.
- ✓ Samarbeida med skulen i oppfølging av elevar og i arbeid med det psykososiale miljøet.
- ✓ Samarbeida med skulelegen og fastlegen.

Barneverntenesta: (Barnevernlova)

Barneverntenesta er ei lovpålagt teneste. Barneverntenesta i Kvam er organisert i eining oppvekst og som ein del av Kvam familie- og læringscenter (KFL).

Barnevernet vert i hovudsak regulert av Lov om barneverntjenester. Barnevernet si hovudoppgåve er å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barneverntenesta skal søka å avdekka omsorgssvikt, åtferdsproblem, sosiale og emosjonelle problem. Vidare skal barnevernet setta i verk tiltak i høve dette, så tidleg at barn unngår å få varige problem.

Barnevernet skal:

- ✓ Gje generelle råd og rettleiing.
- ✓ Kartlegga forholda i familien og setja i verk tiltak med vekt på barnet sitt beste.
- ✓ Hjelpa familien å koma i kontakt med andre hjelpeinstansar når det er behov for det.
- ✓ Samarbeida med andre instansar.
- ✓ Delta i KFL sitt ungdomsteam.

Alle som er bekymra for utviklinga eller omsorga til eit barn kan ta kontakt med barneverntenesta. Barn, ungdom og føresette kan sjølv kontakta barnevernet ved behov eller ved ynskje om hjelp og støtte.

Offentlege instansar har lovpålagt meldeplikt til barneverntenesta, dersom det er grunn til å tru at barnet er utsett for omsorgsvikt eller når eit barn viser vedvarande åtferdsvanskar. Både private og offentlege meldarar kan drøfta saker anonymt med barneverntenesta. Barneverntenesta deltek i tverrfaglege fora i heradet.

Familiesenteret: (tidleg innsats)

I familiesenteret er kommunepsykolog for barn og unge, familieterapeut/familierettleiarar, Utekontakt og LOS for ungdom samlokalisert.

Familiesenteret gjev tidleg hjelp til born, unge og familiar som treng det. Det skal vera tidleg innsats for å motverke utvikling av vanskar.

Kontakt med tenesta skal primært gå gjennom barnehage/skule eller andre hjelpetenester familien har vore i kontakt med. I enkelte tilfelle kan familien sjølv oppsøkje familieteam. Familiesenteret vil og i nokre tilfelle arbeida etter oppdrag frå barneverntenesta. Familiesenteret deltek i KFL sitt ungdomsteam.

Utekontakten er å treffa på ungdomskulane ved ulike høve. Utekontakten driv ungdomsbasen som er eit ope tilbod til alle ungdomar i alderen mellom 13 og 23 år.

Los for ungdom er tilsett i familiesenteret, men har faste dagar på Kvam Ungdomskule måndag og tysdag. Prosjektperiode skuleåret 2017/18

Familiesenteret kan:

- ✓ Kontaktast ved behov.
- ✓ Samarbeida med andre i saker.
- ✓ Rettleia og fylgja opp foreldre, ungdom og barn.

Andre relevante samarbeidsinstansar

Fastlege

Fastlegen er ein viktig støttespelar i å avklara den somatiske tilstanden til barnet. Fastlegen kan tilvisa barn og unge til spesialisthelsetenesta.

Føresette og barn/ungdom kan sjølv kontakta fastlegen etter ynskje og behov.

BUP – barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk

BUP er eit poliklinisk helsetilbod innanfor psykisk helsevern, som rettar seg mot barn og ungdom under 18 og deira familiar.

BUP har spesifikk kompetanse innan utgreiing og behandling av barn og unge si psykiske helse.

Barneverntenesta og fastlege kan tilvisa BUP med samtykke frå føresette. Barn over 16 år må sjølv samtykka til tilvisinga.

BUP kan:

- ✓ greia ut psykiske vanskar.
- ✓ behandla psykiske vanskar, individuelt, i familien eller gruppe.
- ✓ gje råd og rettleiing (konsultasjon) til skular, barnehagar, skulehelsetenesta og eventuelt andre hjelpetenester.

Kjelder

- ✓ Tysvær Kommune (2015) *Stort skolefravær – en veileder for forebygging og oppfølging*
- ✓ Nittedal Kommune (2014) *Alvorlig skolefravær – en veileder for forebygging og oppfølging*
- ✓ Os kommune (2016) «Sjåast i morgon!» *Tiltakspakka for skulefråvær*

- ✓ Havik, T (2015) *School non-attendance. A study of the role of school factors in school refusal*. Doktoravhandling, Universitetet i Stavanger
- ✓ Ingul, J.M. (2005) *Skolevegring hos barn og unge. Barn i Norge 2005. Se meg! Årsrapport om barn og unges psykiske helse*, Voksne for barn.
- ✓ Kearney, C.A and Silverman, W.K (1996) *The evolution and reconciliation of taxonomic strategies for school refusal behavior. Clinical psychology: Science and Practice, 3, 339-354.*
- ✓ King N.J, Bernstein G.A, (2001) *School refusal in Children and Adolescents: A review of the past 10 years*. Journal of the American academy of Children and Adolescent.
- ✓ Tørstad, M (2016) *Skolevegring-dropout-fracfall-skolefravær-pushout*. Foredrag-regionssenter for barn og unges psykiske helse (RBUP). Helseregion Øst og Sør.

- Appendiks:
- ✓ Basert på Tysvær, Nittedal og Frogn kommune sine rettleiarar.

VEDLEGG

Forslag til spørsmål ved kartleggingsamtale ved uro for fråvær.

NB! Dette er ein idébank for inspirasjon. Samtalen skal ikkje vera eit intervju 😊

	Kartleggingsamtale ved uro for fråvær
Rammer for å skapa ein trygg samtale	<ul style="list-style-type: none">✓ Sett av tid! Ha gode fysiske rammer med møterom der de er uforstyrra. Avtal på førehand kor lang samtalen skal vere.✓ Avklar i forkant om eleven skal vera med. Dersom eleven ikkje deltek må informasjon om kva som er blitt sagt, tiltak og avgjerder formidlast vidare. Dersom eleven deltek, gje ros for dette og bruk eit språk som er forståeleg. Rett dykk mot eleven, men ver merksam på kva som er komfortabelt for eleven. Gje eleven ein trygg sitteplass.✓ Ver førebudd. Snakk med andre lærarar og tilsette som kjenner eleven. Dei kan bidra med viktig informasjon.✓ Ha oversikt over fråværet.✓ Gje rom for kjenslemessige reaksjonar hos eleven og føresette. Stadfest og anerkjenn kjenslene utan å gå i forsvar.
I starten av samtalen	<ul style="list-style-type: none">✓ Gje informasjon om kva som er tema for samtalen, til dømes at ein er uroa for høgt fråvær.✓ Gje tilbakemelding på omfanget av fråværet. Gje informasjon om skulen og kommunen sine rutinar for oppfølging av (alvorleg) skulefråvær.✓ Informer om at føremålet med samtalen er å laga ein samarbeidsavtale og koma fram til tiltak som kan redusera fråværet.✓ Gje eleven alternativ om kva han skal gjera dersom han ynskjer å gå heim eller må ta ein pause i løpet av skuledagen.✓ Informer om skulen si plikt til å skapa ein trygg og god skulekvardag og at føresette har ansvar for at eleven kjem på skulen. (Eleven har opplæringsplikt, og føresette har ansvar for at skulen får gitt denne opplæringa.)
Forslag til spørsmål elev	<ul style="list-style-type: none">✓ Kva likar du best med skulen?✓ Kva har du fått til som du er litt stolt av?✓ Kva fag likar du på skulen?✓ Kva likar du å gjera i friminutta?✓ Kven likar du å vera saman med av andre elevar?✓ Kven er du mest saman med på fritida?✓ Kven trivst du saman med av vaksenpersonar? (lærarar, assistentar, andre tilsette)✓ Korleis fungerer vekeplanen, målplanen o.l.? (har eleven oversikt? skjønar eleven planane?)✓ Kva for informasjon får de elevar når det skal skje noko fram i tid, eller når skuledagen ikkje blir slik den pleier å vere? (skulebesøk, yrkesmesse, turar, o.l.)✓ Kven kan du spørja dersom det er noko du ikkje skjønar?✓ Korleis opplever du å svara høgt i klassen, ha framføringar eller å lesa høgt framfor klassen?✓ Kva kjensler koplar du med desse situasjonane (nervøs, engsteleg, trist, negative forventningar, redsle, sjølvtilitt, å glede seg o.l.),✓ Korleis er garderobesituasjon og kroppsøving for deg?✓ Korleis kjem du deg til skulen, og kven går/syklar du saman med?✓ Kva for vaksne på skulen snakkar du mest med?✓ Kva fag opplever du som vanskelegare enn andre?✓ Kva tenkjer du om at du er ein del borte frå skulen?

	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kva gjer du når du ikkje er på skulen i skuletida?(søv, dataspel, tv, film, god mat, hyggjelege ting som skjer heime, vera saman med andre vener, besøk, vera med familien o.l.) ✓ Dersom du tenkjer fram i tid og at skulen skal fungera best mogeleg for deg, kva ser du for deg må til då? ✓ Er det noko du saknar på skulen? ✓ Kven kan du stola på og kven støttar deg?
Forslag til spørsmål føresette	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Korleis opplever du/de at barnet dykkar trivst på skulen? ✓ Kva opplever de at barnet dykkar trivst best med? ✓ Kva forhold på skulen kan bidra til fråværet? ✓ Kva forhold utanfor skulen kan vera med på å påverka skulefråværet? ✓ Føreligg det helsemessige årsaker? Eventuelt kva? ✓ Kva gjer eleven når ho/han er heime frå skule?(søv, spelar data, film, tv, saman med foreldre, saman med andre) ✓ Korleis er kveldsrutinane til eleven? Morgonrutinane? ✓ Føreligg det spesiell vegringsåtfærd i heimen? (vanskar med å stå opp og gjera seg klar, gje uttrykk for å grua seg til prøvar, framføringar, gym, lesa høgt, fysiske plagar i samband med krav om skuleoppmøte, men elles frisk) ✓ Har det skjedd plutslege endringar eller belastningar i familien som kan sjåast saman med eleven sine vanskar? (skilsmisse, flytting, sysken, sjukdom, dødsfall etc.) ✓ Er det helsemessige høve som ligg til grunn for korleis eleven fungerer? (eventuell sjukdomshistorikk, søvnrytme, matlyst) ✓ Kven trivst eleven saman med av vaksenpersonar? (lærarar, assistentar, andre tilsette på skulen) ✓ Korleis fungerer vekeplanen, målplanen, It`s learning og liknande? (Har de føresette oversikt, skjønar de systema?) ✓ Kva ansvarsfordeling har de når det gjeld å fylgja opp skulen og oppmøte på skulen? ✓ Ved enkeltsituasjonar der eleven klarte å møte på skulen eller delta i aktivitetar som ho/han vanlegvis har vanskar med å delta i: Kva tankar har føresette om kva som gjorde at det gjekk bra i den situasjonen? ✓ Eventuelt andre instansar som er involvert i familien? ✓ Eventuelt andre støttespelarar i familien? ✓ Kva tiltak er forsøkt heime og korleis har desse fungert? (Morgonrutinar, bytte av roller mellom føresette, samtalar med eleven) ✓ Er det noko du/de som føresette har behov for hjelp til? Kven kan hjelpe? ✓ Kva kan skulen gjera/legga til rette for, for at barnet ditt skal koma på skulen? Kva blir viktig heime?
I slutten av samtalen	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Gje ein kort oppsummering av hovudinnhaldet i samtalen, vektlegg eleven og dei føresette sine eigne ynskjer om endringar. ✓ Avtal neste møte og bli einige om rammene for telefonkontakt eller sms. ✓ Jobb for å laga ein samarbeidsavtale og evaluering av samarbeidsavtale mellom elev, føresette og eventuelt andre involverte. ✓ Sett ein dato for evaluering av desse avtalane. ✓ Avtal eit nytt møte innan ei veke dersom ein treng meir tid for kartlegging før utarbeiding av avtalane.
Etter samtalen	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Skriv referat og send kopi til føresette ✓ Vurder om det er behov for å drøfta saka med helsesøster, PPT eller for eksempel i tverrfagleg team. Husk få godkjenning frå føresette. ✓ Informer din næraste leiar. ✓ Gjer ei vurdering om det er naudsynt med bekymringsmelding til barnevernstenesta. Er du i tvil kan du ringa barnevernet og drøfta saka anonymt.

Årsaker til skulefråvær - lærarskjema

For å verkeleg forstå grunnen til at ein elev er mykje borte frå skulen, må ein snakka saman om mogelege årsaker. Det er ofte slik at skulefråværet er eit samansett problem, og det er ofte fleire årsaker til at eleven er borte frå skulen. Det er viktig at dei som skal hjelpa med å endra situasjonen har kunnskap om kvifor eleven fell ut av skulen og såleis lukkast med å finna gode løysingar.

Til eleven:

Det er du sjølv som sit med den viktigaste informasjonen om årsakene til fråværet. Det er viktig at du er så ærleg som du klarar! Tenk at boksane er eit glas, set strek for kor fullt glaset er i forhold til dei ulike årsakene. Eige elevskjema til bruk på sida etter forklaringane.

NOKO PÅ SKULEN ER VANSKELEG	FYSISK VANSKE/ SJKDOM	PSYKISK VANSKE
HENG LANGT ETTER FAGLEG	VEL ANNAN AKTIVITET	VANSKAR SOSIALT/LITE VENER
PROBLEM I HEIMEN	SØVN- PROBLEM	

1. Noko er vanskeleg på skulen:

Det er mykje som kan vera vanskeleg for ein elev på skulen. Det kan vera fag ein ikkje likar eller ikkje meistrar. Det kan vera at ein syns det er vanskeleg å snakka høgt i klassen eller ikkje likar masse folk som det ofte er i friminutt og i kantina. Kanskje har ein ingen vener i klassen eller kanskje er ein utsett for negative rykte eller mobbing. For nokre elevar kan det bli slik at det som er vanskeleg på skulen blir så «stort» at det blir vanskeleg å møte opp.

Nokre elevar har så sterkt ubehag eller frykt for noko på skulen at ein kallar det angst. Angsten kan gjera at ein føler seg svimmel og kvalm, får vondt i magen eller andre stader i kroppen. Angsten kan også gjera at ein sveittar eller skjelv. Viss ein har slike kjensler, kan det bli så ubehageleg at ein vel å gå heim.

2. Fysisk vanske/sjukdom

Nokon har sjukdomar eller kjenner seg for sjuke til å vera på skulen. Det kan til dømes vera at ein har så kraftig hovudverk at det er vanskeleg å konsentrera seg eller at ein har magesmerter som gjer at det blir vanskeleg å stå opp og komme seg på skulen. Nokon har sjukdomar som dei ikkje vil at andre skal vite om eller leggja merke til – til dømes eksem eller diabetes. Dette kan gjera det ubehageleg å vera på skulen.

3. Psykisk vanske

Nokon har psykiske vanskar som dei anten er opne om eller som dei ikkje deler med andre. Kanskje har denne vansken eit namn, til dømes panikkangst, sosial angst, ete-forstyrningar eller depresjon. Kanskje har ein symptom på noko av dette og lurar på om ein skal tørre å seia det til nokon eller be nokon om hjelp? Nokon kuttar seg med skarpe gjenstandar når dei har hatt det veldig strevsamt og kanskje gjer ein dette når det blir masse press? Psykiske vanskar kan ramma alle, og i mange tilfelle går det ut over skuleinnsats og skuleoppmøte. Det er svært vanskeleg å vera på skulen når ein har det vanskelig psykisk. For nokre elevar kan ein del av løysinga vera å bli heima eller på ein stad som er trygg, der ein slepp å kjenna frykt eller ubehag. Slik unngår ein også at elevar og lærarar ser at ein strevar psykisk.

4. Heng langt etter fagleg

Nokon elevar føler at dei ikkje klarar å fylgje med på det som skjer i enkelte fag eller alle fag. Dei syns lærarane snakkar på ein vanskelig måte og strevar med å få med seg innhaldet i undervisinga. Kanskje er det også slik at ein ikkje forstår eller får gjort leksene sine slik at ein ikkje er førebudd til timar og prøvar. Dersom ein har vore sjuk og borte frå skulen, kan det vera vanskeleg å ta igjen det ein har gått glipp av. Nokon er kanskje heime frå skulen dei dagane dei har prøvar i noko dei ikkje forstår. Ein del elevar klarar ikkje å seia i frå når dei kjenner at dei «heng etter», og i staden for å be om hjelp blir dei heller heime frå skulen. Når ein ikkje går på skulen, forverrar dette seg og ein blir hengande endå lenger etter.

5. Vel annan aktivitet

Nokon vel å gjera andre ting i staden for å vera på skulen. Ein del av det som skjer på skulen, er ikkje like spennande for alle, og noko på skulen er rett og slett kjedeleg. Kanskje ein syns det er fint å vera heime åleine i huset på dagtid, spela dataspel eller sjå på TV i staden for å gå på skulen? Nokon vel å vera saman med andre vener som også er borte frå skulen.

6. Vanskar sosialt/ lite vener

Nokon går ikkje på skulen fordi dei føler at dei ikkje «høyrer til» saman med dei andre. Kanskje føler dei at ingen saknar dei når dei er vekke frå skulen eller kanskje har dei ingen vener i klassen? Viss ein har ei kjensle av at det ikkje spelar noko rolle for andre om ein kjem på skulen eller ikkje, kan det vera vanskelig å gå der kvar dag. Viss ein veit at ein blir plaga eller blir ståande åleine i friminutta, er det heller ikkje lett å gå på skulen.

7. Problem heime

Nokon har problem i livet sitt som eigentlig ikkje handlar om skulen, men som gjer at ein ikkje klarar å gå likevel. Det kan til dømes vera så mykje bråk og konflikhtar heime at du blir for sliten til å konsentrera deg om skulen. Kanskje er det bråk om natta slik at du ikkje får sova? Nokre barn og unge blir heime for å passa på andre familiemedlemer (søsken, foreldre), fordi dei er redde for kva som skal skje heime dersom dei ikkje er der.

8. Søvnproblem

Nokon barn og ungdom har problem med søvn. Det kan til dømes vera at ein prøver å sovna, men klarar det ikkje og blir liggande vaken til langt på natt. Nokon spelar data, ser film eller surfar på nettet om natta og er trøytte om morgonen sånn at dei ikkje klarar å gå på skulen. Andre har snudd døgnet heilt, slik at dei er vakne om natta og søv om dagen. Når ein strevar med søvn, er det veldig vanskeleg å gå på skulen.

9. Annan årsak-

Fyll i.

ÅRSAKER TIL SKULEFRAVÆR – ELEVSKJEMA

NOKO PÅ
SKULEN ER
VANSKELEG

FYSISK
VANSKE/
SJKDOM

PSYKISK
VANSKE

HENG LANGT
ETTER FAGLEG

VEL ANNAN
AKTIVITET

VANSKAR
SOSIALT/LITE
VENER

PROBLEM I
HEIMEN

SØVN-
PROBLEM

Døme på tiltak etter kartlegging

Tiltak på skulen	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Skuleleiinga set av tilstrekkeleg med tid og skapar gode rammer for relasjonsbygging og støtte frå pedagogisk personell. ✓ Etabler og vidarefør positive relasjonar til vaksenpersonar på skulen for å skape tryggleik for eleven. ✓ Informer klassen/trinnet om eleven sitt fråvær dersom elev og føresette samtykker til dette. ✓ Daglege/jamlege samtalar med eleven med fokus på meistring og emosjonell støtte.
Tiltak i skule-heim-samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Ha ein open dialog med føresette, så dei til ei kvar tid veit kven dei skal ta kontakt med og når vedkommande er tilgjengeleg. ✓ Informer føresette om kva langvarig alvorlig skulefråvær er, og gje informasjon om skulen sine rutinar og høve til å setje i verk tiltak. Bruk trappetrinnsmodellen i rettleiaren. ✓ Trygg føresette på at skulen gjer sitt beste for at eleven skal trivast, og gje god informasjon om korleis eleven fungerer på skulen. ✓ Anerkjenn føresette sine utfordringar og gje informasjon om aktuelle hjelpeinstansar. ✓ Der det viser seg å vera store utfordringar i samband med å få eleven på skulen om morgonen, kan eit viktig tiltak vera at ein frå skulen (kontaktlærar, ein frå leiinga, helsesøster, e.l.) hentar eleven heime.
Fagleg tilrettelegging og tryggleik i skulekvardagen	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Unngå stigmatiserande tiltak der eleven føler seg særleg utsett blant medelevar. Samarbeid med eleven. ✓ Etabler system for å ivareta ein føreseieleg og strukturert skuledag for eleven, slik at eleven opplever tryggleik. ✓ I saker med stort skulefråvær kan det vera naudsynt å starta med «tom timeplan» og setje opp timar og aktivitetar som ein veit eleven meistrar. Syt for fagleg tilpassa opplæring. ✓ Førebu og informer eleven om endringar i daglege rutinar, særleg på dei dagane der det er endringar i den vanlege skulerutinen (til dømes tur dagar, høgtidsmarkeringar, osv.). ✓ Ver medviten på eleven sin plassering i klasserommet, dvs. eleven skal oppleve å bli sett, eleven kan plasserast med vener eller trygge medelevar, osv.
Oppmøte og å vera til stades på skulen	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Møt eleven i skulegarden eller på avtalt stad for å fylgja eleven til klasserommet. ✓ Lag strategiar for «time-out». Elev og lærar vert einige om ein «fristad» der eleven kan få vera for seg sjølv, i staden for å gå heim. Strategien kan takast fram når ting vert vanskeleg. ✓ I nokre tilfelle kan det å gje eleven alternativ til å reise heim frå skulen vere tryggande og det som gjer at eleven tør å koma på skulen. ✓ Mor og/eller far fylgjer til skulen i ein periode. ✓ Det viktigaste er at ein prøver å forstå kvifor eleven ikkje kjem på skulen (kva uttrykk fråværet har) og set i gang skreddarsydde tiltak for å få eleven tilbake på skulen.
Tiltak for å motverka sosial isolasjon	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Syt for at eleven opprettheld positiv kontakt med medelevar dersom eleven er sosialt isolert. Dette kan gjerast ved til dømes: brev frå klassen, besøk frå klassekameratar eller kontaktlærar, oppmoda klassen til å sende hyggelege tekstmeldingar, oppmoda elevar til å oppsøka eleven i fritida. ✓ Gjer friminutta føreseielege ved å setja i gang aktivitetar for å skape oversiktlege og trygge sosiale arenaer. ✓ Syt for at eleven har nokon å gå saman med til skulen.
Trong for vidare tiltak	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vurder fortløpande trongen for samarbeid med barneverntenesta og/eller andre tenester: skulehelsetenesta, kommunepsykolog, skulelege, fastlege. ✓ Vurder behov for tilvising til PPT/BUP etter evaluering av effekten av tiltaka.

MAL FOR SAMARBEIDSAVTALE

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM ELEV, SKULE, FØRESETTE OG ANDRE INVOLVERTE:

.....

LANGSIKTIG MÅL FOR SAMARBEIDET:

.....

DELMÅL/OPPTRAPPINGSPLAN:

(Kvart trinn vil innebera delmål med auka utfordringar for eleven. Delmåla skal leggja til rette for meistring. Spesifiser kor lenge kvart trinn skal vara)

Delmål/Trinn 1: *(fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, behov hjå eleven for tilrettelegging eller støtte i utfordrande situasjonar):*

Delmål/Trinn 2: *(fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, behov hjå eleven for tilrettelegging/ støtte i utfordrande situasjonar)*

Delmål/Trinn3: *(fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, behov hjå eleven for tilrettelegging/ støtte i utfordrande situasjonar)*

GENERELLE TILTAK OG ANSVARFORDELING:

(Alle involverte partar skal ha sine ansvarsområde)

Kontaktlærer har ansvar for:

Leiinga har ansvar for:

Føresette har ansvar for:

Eleven har ansvar for:

Andre involverte partar (t.d. PPT og fastlege) har ansvar for:

.....

PLAN B:

Viss eleven ikkje klarar å møta som avtalt, skjer dette:

(Kven gjev informasjon/ringjer kven og kven gjer kva for å leggja til rette for elevdeltaking?)

.....

EVALUERING:

Form på og plan for evaluering av tiltaka vert avtalt.

(Evaluering bør skje fortløpande saman med eleven med vekt på meistring av delmål. Dato for neste møte og innkallingsansvar bør spesifiserast)

Kvam ungdomsskule, (dato).

Underskrift elev:

.....

Underskrift føresett:

.....

Underskrift kontaktlærer:

.....

DØME PÅ SAMARBEIDSAVTALE:

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM ELEV, SKULE, FØRESETTE OG ANDRE INVOLVERTE:

x (elev), x(føresett) og skule v/ x.

LANGSIKTIG MÅL FOR SAMARBEIDET:

x. X skal koma tilbake på skulen innan jul - og ha det bra når X er der. Skal ha karakter i alle fag våren 2018 slik at X kan søkjast inn på ordinært opptak til vidaregåande skule.

DELMÅL/OPPTRAPPINGSPLAN:

(Kvart trinn vil innebera delmål med auka utfordringar for eleven. Delmåla skal leggja til rette for meistring. Spesifiser kor lenge kvart trinn skal vara)

Delmål/Trinn 1: *(fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, behov hjå eleven for tilrettelegging eller støtte i utfordrande situasjonar):*

- x skal koma på skulen måndag, onsdag og fredag til seinast kl. 10.30. X blir køyrt av mor om han ikkje tek bussen kl. 08.00.
- Dei dagane X er på skulen, skal X ikkje ha skulearbeid etter at X har kome heim.
- Tysdag og torsdag får X besøk av lærar/samtale på telefon. Lærar og x. går gjennom kva X skal jobba med tysdag og torsdag og lagar eit mål for arbeidet.
- X skal ikkje ha prøvar/innleveringar i denne perioden.
- X blir køyrt heim igjen av skulen/mor etter avtale.
- X har tilgang til kvilerom på skulen om han treng å trekkja seg tilbake.

Om x. vil koma på skulen også tysdag og torsdag, er X sjølv sagt velkomen til det.

Desse tiltaka gjeld for veke 5 og 6.

Delmål/Trinn 2: *(fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, behov hjå eleven for tilrettelegging/ støtte i utfordrande situasjonar)*

Delmål/Trinn3: *(fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, behov hjå eleven for tilrettelegging/ støtte i utfordrande situasjonar)*

GENERELLE TILTAK OG ANSVARFORDELING:

(Alle involverte partar skal ha sine ansvarsområde)

Kontaktlærar har ansvar for:

- å ha kontakt med eleven kvar dag - anten ved oppmøte på skulen, eller på telefon/sms.

Leiinga har ansvar for:

- Leggja til rette for at lærar kan reisa heim to dagar i veka

Føresette har ansvar for:

- Å få x opp om morgonen, at X er sunt og at X kjem seg i seng og ikkje snur døgnet.
- Gje melding til x kvar dag han ikkje kjem på skulen.

Eleven har ansvar for:

- Å stå opp kvar dag og få i seg mat. Å gå på skulen etter oppsett plan.

Andre involverte partar (t.d. PPT og fastlege) har ansvar for:

- Til dømes: Fastlege skal jobba for fortgang i undersøkingar av ... Elles delta i samarbeidet rundt guten.
- PPT skal gje råd og rettleiing til skule og heim. Kan også ha samtalar med eleven om det er behov for det.

.....

PLAN B:

Hvis eleven ikkje klarar å møte som avtalt, skjer dette:

(Kven gjev informasjon/ringjer kven og kven gjer kva for å leggja til rette for elevdeltaking?)

- Om ikkje x kjem på skulen etter oppsett plan, så ringjer lærar heim og avtalar heimebesøk - besøk innan to timar etter X skulle vore på skulen.
- Om X er svært dårleg den dagen, sender skulen ein sms og ynskjer han god betring.
- Skulen/eleven lagar avtale om neste dag.

.....

EVALUERING:

Form på og plan for evaluering av tiltaka vert avtalt

(Evaluering bør skje fortløpande saman med eleven med vekt på meistring av delmål. Dato for neste møte og innkallingsansvar bør spesifiserast)

Avtale om neste møte/evaluering av tiltak etter at første delmålperiode er avslutta:

v. 7 – onsdag 13.2 på skulen. Tidspunkt kjem frå skulen

.....skule, (dato).

Underskrift elev:

.....

Underskrift føresett:

.....

Underskrift kontaktlærer:

.....

DØME PÅ TILPASSA TIMEPLAN

Dette er eit døme på ein tilpassa timeplan. Timeplanar kan sjå svært ulike ut. Denne eleven hadde dette opplegget i 2 månader før han var klar for nye steg. Eleven hadde i løpet av perioden ikkje munnlege framføringar, men hadde prøvar i samråd med lærar. Han hadde lekser i faga matte og tysk etterkvart.

Namn: x

TIME	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
	X vert henta av lærar kl. 8.20	Elev møter lærar kl.8.25 ved bakdøra.	Elev møter lærar kl.8.25 ved bakdøra	Elev møter lærar kl.8.25 ved bakdøra	Elev møter lærar kl.8.25 ved bakdøra
1.	Norsk, deltar som vanleg	Gym: eige avtalt opplegg	Samfunnsfag	Språk: Tysk Ikkje munnleg	Valfag
2.	Støttesamtale med lærar – over sikt over veka/rydding i målark	Matematikk – er støttelærar i klassen.	Samfunnsfag	Språk. Tysk Ikkje munnleg	Valfag
3.	Går heim sjølv	Kunst og handverk	Arbeider med eige opplegg. Lærar innom.	Norsk	Samtale med lærar: korleis har veka vore, Førebuing til måndag.
4.		Kunst og handverk	Naturfag	KRLE	Går heim sjølv
Storfriminutt		Går heim sjølv	Går heim sjølv	Går heim sjølv	
5.					
6.					

I saker med mykje fråvær/vegning er gradvis opptrapping særst viktig. Det er avgjerande at eleven føler seg trygg i ulike situasjonar og er med på planlegginga. Det er viktig å vera konkret og detaljert. Dette gjer veka meir føreseieleg for eleven.

I periodar kan det vere avgjerande å rydda i timeplanen, men og i lekseplanen. Skal eleven ha lekser? Ingen eller kanskje i nokre utvalde fag som gjev godt grunnlag for meistring? Fritak i alle fag for munnleg høyring eller prøvar? Målet er å senke stressnivå slik at skulen vert ein plass eleven ynskjer å vera. Når eleven er trygg, kan ein gradvis auke eksponering/aktivitet i samarbeid med eleven.

Sjekkliste for leiing: systemgjennomgang (gjennomgang innan haust-, jule- og påskeferie)

Rutinar for registrering og oppfylging av fråvær:	Notat	Gjennomgått
✓ Kjenner personalet rutinane for handtering av fråvær og blir dei fylgt?		
✓ Er leiinga oppdatert på fråvær hos elevane?		
✓ Er foreldre og elevar informerte om dei nye rutinane?		
✓ Vert rektor informert om bekymringsfullt fråvær?		
✓ Når tenkjer ein at fråværet er bekymringsfullt og kva tiltak bør setjast i gang? (Sjå trappemodell ved alvorleg fråvær).		
✓ Kommuniserer leiinga tydelege haldningar til fråvær til personalet og føresette?		
✓ Er fråvær/psykososial trivnad fast tema på interne møter to gonger pr. mnd?		
Læringsmiljø, psykososialt miljø og tiltak for elevar med sosioemosjonelle vanskar:		
✓ Korleis fungerer skulen sin handlingsplan for mobbing?		
✓ Korleis brukar skulen § 9a-3 i opplæringslova i enkeltsaker?		
✓ Har skulen arena for å drøfta «dei stille elevane»?		
✓ Kva tiltak vert sett i verk for elevar som er svært utrygge, går aleine i friminutt osv.?		
✓ Har personalet kompetanse for å styrka lærar – elev relasjonen for utrygge elevar?		
✓ Blir det lagt vekt på tilpassa opplæring og tydelege og realistiske forventingar til elevane?		
✓ Involverer skulen andre tenester som skulehelsetenesta mm i sitt systemarbeid?		
✓		

Skule og heim samarbeid:		
✓ Når og korleis føregår kontakten mellom skule og heim ved bekymringsfullt fråvær? (Sjå rettleiar)		
✓ Er det gjeve tydelege signal til heimen, om korleis og kva dei kan ta kontakt med skulen om?		
✓ Er innhald og form i foreldre/elevsamtaler tema internt på skulen?		
✓ Kva rutinar har skulen for samarbeidsmøter og tverrfaglege møter ved bekymringsfullt fråvær/skulevegning		
✓ Nyttar skulen FAU/foreldrekontaktar/foreldremøter for arbeid med psykososial trivnad?		
Skulen sitt interne støttesystem:		
✓ Prioriterer leiinga elevsaker med fråvær/skulevegning?		
✓ Vert saker med skulevegning fylgt opp frå leiinga, bl.a. i form av å frigjera tida til lærar ved behov?		
✓ Er det tydeleg ansvarsfordeling i oppfylginga av elevar med fråvær/skulevegning?		
✓ Kjenner lærarane god kollegial støtte når dei står i utfordrande situasjonar eller elevsaker?		
Skulen sitt samarbeid med eksterne instansar:		
✓ Har skulen kjennskap til - og nyttar ekstern kompetanse?		
✓ Er fråvær/psykososial trivnad fast tema på tverrfagleg team?		
✓ Når og korleis vert KFL involvert? Dersom behov for endring, kva og kven fylgjer dette opp når?		
Informasjonsflyt:		
✓ Er det stabilitet i personale over tid og god overføring av informasjon ved lærarbytter?		
✓ Er det god informasjonsflyt og planlegging i overgangar mellom barnehage – skule, og ved skulebytter?		



RUTINAR FOR REGISTRERING OG OPPFYLGING AV ELEVFRÅVÆR I GRUNNSKULEN I KVAM HERAD.

1. Informasjon og ansvar for fråværsrutinar

- a. Skulen følger Kvam Herad sin Rettleiar for førebygging og oppfylging av skulefråvær.
- b. Skulen skal gje føresette informasjon om dette arbeidet og kva reglar/rutinar som gjeld ved fråvær. Foreldremøte og skriv heim vil vera viktige tiltak for å få informasjonen ut til føresette.
- c. Alle lærarar er ansvarlege for å føra fråvær frå sine timar og rapportere til kontaktlærar.
- d. Kontaktlærar har oversikta, undersøker fråværet hos elevane og har oppfylgingsansvaret. Kontaktlærar loggfører oppfølging knytt til sine elever. Fråværet bør oppdaterast kvar dag.

2. Kontakt mellom skulen og heimen ved fråvær

- a. Ved fråvær melder føresette frå til skulen innan eller så snart som mogleg fråværsdagen.
- b. Kontaktlærar avtalar korleis dette skal gjerast med si foreldregruppe.
- c. Dersom føresette ikkje tek kontakt med skulen første fråværsdag, skal kontaktlærar så raskt som mogleg same dag kontakta heimen for å avklara kva fråværet kjem av.
- d. Dersom kontaktlærar er fråverande, må skulen ha avklart kven som overtar kontaktlæraransvaret.
- e. Når kontaktlærar vert klar over fråvær utan melding/ugyldig grunnlag, skal leiinga informerast.
- f. All kontakt med foreldra når det gjeld bekymring for alvorleg fråvær skal loggførast.

3. Drøfting av fråvær på skulen.

- a. Kontaktlærar har oversikt over fråværet i sin klasse og rapporterer til leiinga ved bekymring.
- b. Fråvær/psykososial trivnad hos elevane skal vera faste tema på interne møter 2 gonger i månaden.
- c. Kontaktlærar saman med leiing har ansvar for at elevar ein er bekymra for, får tidleg hjelp. Kontaktlærar drøftar alltid bekymring med avdelingsleiing, helsesøster eller andre aktuelle personar på skulen. Sjå kapittel om *Førebygging – tidlege teikn, risikofaktorar*.
- d. Rektor/leiing går gjennom fråværsføringa og skulen sitt samla elevfråvær på systemplan ein gong pr. semester. Forslag: innan haust, jul, påskeferie. Her går ein og gjennom *Sjekkliste for systemgjennomgang* (sjå vedlegg).
- e. Lærarar kan drøfte saker anonymt eller etter samtykke frå føresette i skulen sitt støtteteam/ tverrfaglege team. Fråvær/psykososial trivnad er fast tema her.

4. Bekymring knytt til alvorleg fråvær.

Sjå Del 3: Tiltak/rutinar ved bekymring

TILTAKSTRAPP VED ALVORLEG FRÅVÆR

- ✓ Ugyldig fråvær: 1 enkelttime eller meir
- ✓ Høgt gyldig fråvær: 10 dagar på 15 veker
- ✓ 3 gongar for seint på 1 måned
- ✓ Møter på skulen, men forlèt den igjen

Kontakt føresette for å undersøka fråværet. Sjå rutinar for fråværsregistrering.

Kartlegging. Kall inn til møte med føresett og elev. Bruk kartleggingsverktøy i appendiks

Tiltak. Iverksett tiltak basert på kartlegging. Bruk samarbeidsavtale, døme på avtale og tiltak i appendiks.

Evaluering/Oppfølging. Evaluer tiltak etter 3 veker. Vurder vidare tilvising basert på effekt av tiltak.

Kontaktlærer skal **kontakte** føresette og elev og undersøke årsaka til fråværet når ein elev har alvorleg skulefråvær. Dersom fråværet er bekymringsfullt, det vil seie at fråværet til dømes er ugyldig eller høgt gyldig skal kontaktlærer **kartlegga** fråværet gjennom ein kartleggingsamtale. Basert på kartlegginga skal **tiltak** setjast i verk og skildrast i ein samarbeidsavtale. Etter tre veker skal tiltak **evaluerast** og vidare tilvising vurderast.